

---

Saksnr: 2020/48379-10  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Status for prosjektrekneskap for vegprosjekt****Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen om prosjektrekneskap for vegprosjekt til orientering.
2. kontrollutvalet ber om å få tilsend rutinane for godkjenningsordning for prosjektrekneskap når dei er ferdig utarbeidd, jf. punkt 4 i vedtak i fylkestingssak PS 93/20 frå møte 29.09.2020.

**Samandrag**

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune skal ta stilling fylkesrådmannen si andre tilbakemelding når det gjeld handsaming av prosjektrekneskapar innan vegsektoren.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Status handsaming av prosjektrekneskap for fylkesvegar

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 11.02.2019 vart dette protokollert i sak PS 19/19:

*«Handsaming i møtet*

*Kontrollutvalet har til dette møtet fått 3 prosjektrekneskapar til uttale frå eigedomsavdelinga, jf. sak PS 4/19. Utvalet registrerer at dei til no ikkje har motteke prosjektrekneskap som gjeld saker frå samferdsel eller andre avdelingar i Hordaland fylkeskommune, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det ikkje er levert slike prosjektrekneskapar til no.*

*Etter dette vart det gjort slikt vedtak.*

*Vedtak*

- 1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det til no ikkje er levert prosjektrekneskap for samferdsel eller andre avdelingar enn eigedomsavdelinga, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018.*
- 2. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.03.2019.*

I møte i kontrollutvalet 01.04.2019 vart skriftleg orientering handsama i tråd med punkt 1 i vedtaket og det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering og ber om at prosjektrekneskapa for vegprosjekt vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet etter kvart som dei ligg føre.*
- 2. Kontrollutvalet ber igjen om at fylkesrådmannen orienterer om det vil kome prosjektrekneskapar frå andre avdelingar utanom samferdsel og eigedomsavdelinga. Skriftleg informasjon om dette vert å sende sekretariatet innan 23.04.2019.*

**På bakgrunn av det som går fram over sende sekretariatet førespurnad til fylkesrådmannen 10.09.19 om å få status i arbeidet med prosjektrekneskapar på vegsektoren.**

Vi mottok svar frå fylkesrådmannen 11.10.19 der desse 2 sluttrapportane frå Statens vegvesen var vedlagt:

- Sluttrapport Fv. 61 Skrivarvegen
- Sluttrapport Fv. 545 Rimbareid - Vik

Sluttrapportane har ikkje vorte send til Deloitte for revisjon før dei vart send hit, jf. at fylkestinget vedtok slike nye retningslinjer i møte 12.06.2018 når det gjeld handsaming av prosjektrekneskapar:

- 1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
- 2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapa har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*

I saksutgreiinga til denne saka går det m.a. fram dette:

*«Den gjeldande prosedyren frå rekneskapsavslutting til godkjent prosjektrekneskap foreslår fylkesrådmannen å halde fram med. Det medfører at avslutta rekneskap vert revidert før det vert handsama i kontrollutvalet. Fylkesrådmannen utarbeider deretter sak til det organet som har fastsett budsjettet for endeleg godkjenning av prosjektrekneskapet.»*

Sidan desse rutinane ikkje vart følgd sende sekretariatet ny e-post til fylkesrådmannen 14.10.19 og gjorde merksam på at naudsynt dokumentasjon må leverast Deloitte slik at dei kan gjennomføre revisjonen.

Fylkesrådmannen svarte på dette i e-post 31.10.19 der det vert bede om utsetjing av levering av dokumentasjon til Deloitte tidleg i 2020 slik at kontrollutvalet kan få prosjektrekneskapa i løpet av 1. halvår 2020.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet handsama saka ved 2 tidlegare høve der det vart gjort slikt vedtak i møte 11.05.2020:

1. *Kontrollutvalet seier seg samd med fylkesrådmannen i hans oppsummering når det gjeld prosjektrekneskap for vegprosjekt og tar informasjonen så langt til orientering.*
2. *kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny skriftleg status for handsaming av prosjektrekneskapar fylkesvegar til møte i kontrollutvalet 12. 10.2020. Sakstilfanget vert å levere sekretariatet innan 28.09.2020.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame slike saker, jf. kommunelova § 23-2 og Forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 3.

### Vurderingar og verknader

På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over mottok sekretariatet 24.09.2020 vedlagte notat frå fylkesrådmannen som er dagsett 08.09.2020.

Av notatet går det m.a. fram at fylkesrådmannen tidlegare har meld at prosjektrekneskap for fylkesvegar som var igangsett før 2019 ikkje vert lagt fram for revisjon, kontrollutvalet og politisk handsaming. Fylkesrådmannen melder no at det rette årstalet skal vera 2020. Det betyr at det pr. i dag ikkje er prosjektrekneskapar som er sett i gang i 2020 for fylkesvegar som er klare til revisjon og politisk handsaming.

Vidare kjem det fram at fylkestinget i møte 30.09.2020 handsame sak PS 93/20 «Prosjektrekneskap - Godkjenningsordning» det det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 75 mill. kr skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
2. *Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med budsjett ved byggjestart på over 50 mill. kr og der rekneskapan har avvik på meir enn 10 % samanlikna med budsjett ved byggjestart, skal det leggjast fram prosjektrekneskap for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.*
3. *Fylkestinget godkjenner at for investeringsprosjekt med lågare budsjettsummar vert prosjektrekneskapa innarbeidde i årsrapporten.*
4. *Fylkesrådmannen utarbeider retningsliner for ordninga.*
5. *Prosjektrekneskap vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet før endeleg politisk behandling.*

På bakgrunn av vedtaket i fylkestinget bør kontrollutvalet be om å tilsendt rutineane omtala i punkt 4 i vedtaket når dei er ferdig utarbeidd.

### Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få tilsendt rutineane for godkjenningsordning for prosjektrekneskap når dei er ferdig utarbeidd, jf. punkt 4 i vedtak i fylkestingssak PS 93/20 frå møte 29.09.2020.